



Næringsplan 2016 – 2020, Tokke kommune

Føremål

- Utvikle næringshagen på Dalen med samlokalisering av verksemder, få fram nyetableringar tilknytt næringshagen, samt bidrage i felles utviklingstiltak for å fremje attraktive arbeidsplassar.
- Stimulere til nyetableringar og utvikling av ein gründerkultur i regionen.
- Utvikle eksisterande næringsliv og leggje til rette for knoppskyting.
- Vere pådrivar for å utvikle og etablere nye arbeidsplassar og verksemder basera på den vidaregåande skulen og dei etablerte kraft- og kompetanseverksemdene.
- Profilere næringslivet og kommunen som heilskap, og ha ei synleg og aktiv rolle i Vest – Telemarksamarbeidet.

Prioriterte tiltak og satsingar

Regionale planstrategiar, Samfunnsdelen av kommuneplan for Tokke 2016 - 2028, og By - regionprogrammet i Vest – Telemark 2015 – 2018 er grunnlaget for satsingane i tiltaksretta næringsplan.

1. Arbeidsplassar og næringsetableringar

- 1.1 Nyetableringar og utviding av verksemder som gjev sysselsetjing/ nye arbeidsplassar skal prioriterast.
- 1.2 Prosjekt som bidreg til utvikling av nye arbeidsplassar retta mot kvinner, innvandrarar og unge under 35 år er viktig.
- 1.3 Tokke skal aktivt bidra til at næringsapparatet i Vest – Telemark, inkludert etablerartenesta, skal vere ein framtidsretta teneste for rådgjeving av verksemder og utvikling av næringslivet i heile regionen.

2. Handel og senterutvikling

- 2.1 Fellestiltak knytt til profilering og utvikling av handel og større arrangement i Dalen sentrum skal prioriterast.
- 2.2 Nyetablering av handelsverksemder i sentrum på Dalen og i Høydalsmo skal ha høgt fokus. Rehabilitering av gamle bygg som gjev ny handelsverksemd, skal prioriterast.
- 2.3 Arbeide med å etablere samarbeidsordningar mellom næringslivet, lag og foreiningar og kommunen for oppgradering og vedlikehald av grøntanlegg.

3. Profilering av Tokke som næringskommune

- 3.1 Tokke skal vere aktive og synlege i regionale samarbeidsprosjekt.
- 3.2 Etablering av næringshage på Dalen skal leggje grunnlaget for eit breidt og forpliktande samarbeid mellom næringsliv, utdanningsinstitusjonar og offentlege myndigheiter.
- 3.3 Nytte informasjonsmateriell til potensielle tilflyttarar og vere aktive på digitale media.
- 3.4 Utvikle dialogmøte med næringslivet i samarbeid med aktuelle aktørar/ kompetansemiljø.

4. Reiseliv og kultur

- 4.1 Synleggjere tilbud og aktivitetar i kommunen for å auke besøk og styrke kultur- og reiselivsnæringane.
- 4.2 Tiltak og satsingar som synleggjer fellessatsingar gjennom bruk av midlar frå næringa i kombinasjon med eksterne midlar, skal prioriterast.
- 4.3 Etablering av reiselivsverksemder og stillingar som del av framtidig reiselivsapparat for regionen skal ha høgt fokus.
- 4.4 Kulturverksemder skal støttast i arbeidet med å vidareutvikle og sikre arbeidsplassar i kommunen.
- 4.5 Profilering av Høydalsmo og Skafsåheia som vinterdestinasjonar med godt løypenett og skianlegg skal prioriterast.

RETNINGSLINER FOR STØTTE TIL NÆRINGSTILTAK 2016 – 2020

§ 1. Næringsfondet

Kommunestyret avgjer storleiken på ramme for næringsstiltak i årlege budsjettvedtak.

§ 2. Mynde og klagehandsaming

- 2.1. Formannskapet er næringsstyret og gjer vedtak om bruk av midlar til næringsstiltak etter retningslinene. Klage på vedtak i næringsstyret skal handsamast andre gong i næringsstyret. Dersom Næringsstyret opprettheld sitt vedtak vert saka endeleg avgjord i kommunestyret.
- 2.2. Administrativt arbeidsutval er samansett av: Ordførar, rådmann og næringsssjef. Arbeidsutvalet kan gje stønad på inntil kr 15.000,- i saker som ikkje er prinsipielle. Den i arbeidsutvalet som ikkje er samd i ei sak som arbeidsutvalet har avgjerdsmynde i, kan leggje saka fram for næringsstyret.
- 2.3. Næringsstyret handsamar saker fortløpande. Løyvingar større enn kr. 100 000,- skal handsamast av kommunestyret.
- 2.4. Næringspris: Næringsutvalet kan årleg lyse ut etter kandidatar for Næringspris. Dette skal gå til etablerarar som har merkt seg særleg ut når det gjeld nyskaping og pågangsmot som har ført til etablering av nye arbeidsplassar i kommunen. Næringsstyret avgjer storleik på prisen og prosess kring tildelinga.

3. Omfang og kriterier for støtte

- 3.1. Tilskot kan gjevast med inntil 8 %, eller maksimalt kroner 100.000,- til investering- og utviklingstiltak. Ved oppstart av ny verksemd kan det gjevast etableringstilskot.

Storleik på støtta skal vurderast i høve til mål og strategiar næringsplanen, men med individuelle vurderingar frå sak til sak.
- 3.2. Eigeninnsats kan ikkje reknast inn i grunnlaget for tilskot.
- 3.3. Det kan gjevast investeringstilskot til t.d. bygningar, næringsareal og maskiner/produksjonsutstyr.
- 3.4. Det kan som hovudregel ikkje gjevast støtte til ordinær drift, gjeldssanering eller lån.

- 3.5 Som hovudregel skal det søknad fremjast i forkant av realisering av tiltak og prosjekt.
- 3.6 Tilskot skal betalast attende om verksemda vert avvikla eller seld mindre enn 3 år etter utbetaling av støtte. Attendebetalinga reduserast med 1/3 pr. år, d.v.s. at første året etter utbetaling vert heile tilskotet å betale attende.

4. Krav om dokumentasjon og rapportering

- 4.1 Vedtak i arbeidsutvalet refererast i næringsstyret.
- 4.2 Næringsstyret legg fram årleg rapport for kommunestyret over bruken av midlar til næringstiltak.
- 4.3 Digitalt standard skjema frå kommuneforlaget skal nyttast til å skrive søknader.
- 4.4 Alle søknader skal vere vedlagt relevant skriftleg dokumentasjon for å bli handsama. Søknader om etableringar og utvidingar må vere vedlagt budsjett, rekneskap og planar. Kommunen kan krevje framlagt relevant tilleggskjønn dokumentasjon kring søknaden og verksemda.

5. Regelverk knytt til bagatellmessig støtte

- 5.1 Maksimal støtte må vere i samsvar med artikkel 61 i EØS-avtalen og regelverket for bagatellmessig støtte.
- 5.2 Verksemdar som mottek støtte pliktar ved ny søknad å opplyse om kva totalt som er motteke av offentleg støtte innanfor treårsperioden.

Vedtekne i kommunestyret 14. juni 2016, sak 16/29.